

Slåtten er i gong.

05.06.2016



Siloslåtten er i gong og stadig nye siloegg vil verta å sjå framover.

**Etter at graset har vakse svært godt siste veka, er no første spretten av slåtten gjort. Eg har ikkje registrert noko nede i bygda, men både på Døssland og Haugland er bøndene i gang. Der er ein del mål alt slått, og graset er kome enten i silo eller i kvite siloegg.**



[Arne Johs. Haugland og resten av gjengen i Haugland Maskin går ei ekstra travel tid i møte.](#)

Dermed er slåttene i gang betydeleg tidlegare enn i fjor då kaldt ver gjorde at førsteslåttene starta først rundt 20.juni. Likevel er det ei lita veke seinare enn oppstarten for 2 år sidan.

Elles er det fine og tørre forsommarveret ypperleg eigna til å få unna gardsarbeid. Nokre bønder har brukt dei siste dagane til såing, medan andre har vore til fjellbeite med dei første sauene. Kor tidleg bøndene slepper sauene til fjells er ikkje berre avhengig av varme og ver. Det er sjølvstøtt også avgjerande kor høgt beita ligg.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland